
Saksnr: 2020/37459-7
Saksbehandlar: Inger Marken

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Administrasjonsutvalet		21.10.2021
Fylkesutvalet		09.11.2021

Reglement for yting av flyttegodtgjersle

Forslag til innstilling

Reglement for yting av flyttegodtgjersle vert vedtatt og gjort gjeldande frå 15. november 2021.

Samandrag

HR-seksjonen har utarbeidd nytt reglement for yting av flyttegodtgjersle for Vestland fylkeskommune. Reglementet gjeld ved flytting i Noreg for å tiltre stilling i Vestland fylkeskommunen. Reglementet gjeld også når flytting er nødvendig i samband med overgang til anna stilling i fylkeskommunen eller dersom tenestestaden vert endra. Reglementet vart drøfta på informasjons- og drøftingsmøte med hovudtillitsvalde 02.09.2021.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Ingrid Kristine Holm Svendsen
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Reglement for yting av flyttegodtgjersle

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I Vestland fylkeskommune har vi ikkje hatt eit eige reglement for yting av flyttegodtgjersle. HR-seksjonen er likevel kjend med at det i nokre få tilfelle har blitt gitt godtgjersle til flytting der det har vore vanskeleg å rekruttere til ei stilling.

I ein så stor organisasjon som Vestland fylkeskommune er det viktig å ha eit reglement som gir retningslinjer og sikrar lik praksis i organisasjonen.

Reglementet vart drøfta med hovudtillitsvalde på informasjons- og drøftingsmøte 02.09.2021. Organisasjonane stilte spørsmål om reglementet også gjeld ved overtal. Det er ikkje eigne retningslinjer spesifikt for flytting av «overtalige», slik at dette reglementet er også gjeldande i ein overtalssituasjon.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet fattar endeleg vedtak i saka. Fylkesutvalet er gjeve slikt mynde i reglement for fylkesutvalet punkt 2.1.7. *Andre oppgåver:*

«Fylkesutvalet tek avgjerd i alle andre saker der avgjerdsmynde ikkje ligg til anna organ, og der saka ikkje er av prinsipiell betydning for fylkeskommunen si verksemd.»

Yting av flyttegodtgjersle er ei sak som ikkje er av prinsipiell betydning, og mynde til å ta avgjerd ligg då til dette utvalet.

Administrasjonsutvalet har innstillingsrett i saka.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Tiltaket har økonomiske konsekvensar og vil vere med å auke kostnadane til fylkeskommunen. Den økonomiske konsekvensen vert vurdert til å vere liten, og må målast opp i mot verdien av å klare å rekruttere rett kompetanse, samt at dette er eit godt tiltak for dei tilsette i fylkeskommunen. Det er ikkje budsjettert med eigne midlar til tiltaket, kvar avdeling må dekke kostnadane over sitt eige budsjett.

Klima:

Ikkje relevant.

Folkehelse:

Tiltaket kan vere med å redusere sosial ulikskap dersom dekking av flytteutgifter er vesentleg for om ein kandidat kan ta i mot stillinga, og/eller dersom flytting er nødvendig i samband med overgang til anna stilling i fylkeskommunen eller på grunn av endra tenestestad.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Tiltaket kan vere med å sikre rekruttering til arbeidsstadar i distrikta i Vestland fylke.

Konklusjon

Yting av flyttegodtgjersle er eit tiltak som kan vere med å sikre rekrutteringar til stillingar i fylkeskommunen, samstundes er det eit tiltak som er eit gode for arbeidstakar dersom ein må flytte ved byte av arbeidsstad.

Administrasjonen tilrår at reglementet vert vedtatt med verknad snarast mogleg.